



Referat frå kommunemøte torsdag 27. mai 2021

Tema: Koronaberedskap

Deltakarar: Statsforvaltaren, kommunane, helseføretaka og fylkeskommunen.

Ikkje til stades: Etne, Hyllestad, Osterøy, Ullensvang, Voss, Helse Førde, KS og Sivilforsvaret

Møteleiar: Anne C. F. Eide

Innhold

1. Informasjonssaker	1
2. Gjenopningstrinn 2 – endringar gjeldande frå 27. Mai 2021	2
3. Utfordringar med gjennomføring av vaksinasjon i sommarperioden – rapportering/tilbakemelding.....	3
4. Vaksine	3
5. Epidemiologisk rapport	5
6. Arbeid mot negativ sosial kontroll og æresrelatert vald – brev frå Kunnskapsdepartementet og Barne- og familidepartementet.....	5
7. Utdanning	6
8. Rapportering - trafikklysmodellen – rettleiaren om smittevern i skule og barnehage.....	6
9. Spørsmål og annet.....	6

1. Informasjonssaker

Kontaktregister for kommunelegar og Statsforvaltarens kontaktliste for kommunelege med smittvernansvar for Vestland

Førre veke orienterte vi om eit nasjonalt kontaktregister for kommunelegar hjå Norsk helsenett. Det er venta å bli opna for innregistrering av kontaktinformasjon innan svært kort tid.

Vi har fått tilbakemelding og innspel m.a. om at det er ønskjeleg å unngå for mange register som kommunelegane skal halde oppdaterte. Vi har tatt opp fleire spørsmål og innspel med Helsedirektoratet denne veka, og i møte i går fekk vi nokre svar. Det blir no opna for å registrere eitt kontaktpunkt per kommune. I samband med vidare utvikling av registeret ønskjer dei å legge til rette for å registrere (kvalitetssikra) kontaktinformasjon på enkeltpersonnivå (kommunelegane). Slik vi forstår det er målsetjinga at kontaktregisteret i framtida skal kunne bli ei datakjelde for andre register, og såleis bidra til at det på sikt vil bli færre stader de skal oppdatere.

Som de er godt kjende med har vi sidan i fjor jamleg kartlagt kontaktopplysningar for kommunelegar med smittevernansvar og eventuell fungering. Det har vi gjort på oppdrag frå Helsedirektoratet og FHI, for å kunne få ei samla nasjonal oversikt som vi igjen har sendt dykk om lag ein gong i månaden (Excel). I tillegg er lista vi utarbeider for Vestland tilgjengeleg på nettsidene våre, og vi oppdaterer den fortløpende ved endringar de melder inn til oss.



Statsforvaltaren i Vestland

Vi har fått avklart frå Helsedirektoratet at vi for komande månad skal samle inn kontaktopplysningar igjen til de nasjonale oversikta. Planen er at det nye kontaktregisteret skal erstatte dagens nasjonale lister/oversikt. Slik vi forstår det vil det altså i relativt nær framtid vere kontaktregisteret som overtek – og då altså med eitt kontaktpunkt per kommune.

I ein del kommunar er det eitt felles/generisk kontaktpunkt (telefonnummer for vakthavande kommuneoverlege, felles e-postadresse osv, eller beredskapstelefon for kommunen). Men minst like mange har det ikkje. Vi spurde difor Helsedirektoratet om det kan vere mogleg å registrere meir enn eitt kontaktpunkt per kommune, for m.a. å prøve å unngå at folk får telefonar i fri- og ferieperiodar. Hdir seier at det ikkje vil vere mogleg per no.

Vi venta med å sende ut nytt skjema for innmelding av kontaktopplysningar for sommarperioden, til vi har fått avklart dette. Vi oppfattar at lista vi lagar for Vestland, og som vi held oppdatert på nettsidene våre, blir brukt og difor er nyttig. Vi meiner difor at det i alle fall for heile sommaren er føremålstenleg å framleis ha ei slik liste på våre nettsider.

Link til skjema på nettsidene våre finn de i e-posten til dette referat. Skjemaet vil vere tilgjengeleg i heile perioden for at de kan melde inn det som ikkje er avklart per no, og med tanke på eventuelle endringar undervegs. Alternativt kan de gi beskjed om endringar på e-post til oss.

Helsedirektoratet har sagt at det skal kome eit brev med praktisk informasjon om det nye kontaktregisteret, og vi vil sende ut dette ved første høve.

2. Gjenopningstrinn 2 – endringar gjeldande frå 27. Mai 2021

Det skjer ei rekke endringar frå og med i dag (27. mai), i gjenopningstrinn to. Det gjeld både forskriftsendringar og justerte tilrådingar.

Det vil nok kome meir informasjon om ulike tema som vi vil formidle vidare etter kvart.. Vær merksam på at ikkje alt er oppdatert på nettsidene til nasjonale fagstyresmakter, men det kjem sannsynlegvis mykje på plass i løpet av dagen.

Vi nemner nokre punkt:

Vi sendte ut ny forskriftstekst for endringar i kapittel 5 i covid-19-forskrifta i går føremiddag. Det er m.a. gjort endringar for arrangement og for serverings-/skjenkestader.

Innreise til Noreg, innreisekarantene og karantenehotell

- Skiljet mellom nødvendige og unødvendige reiser er tatt vekk.
- Det er framleis strenge restriksjonar på kven som kan reise inn i landet (for utlendingar), men med ei rekke unntak.
- Alle reisande frå land utanfor EØS/Schengen/UK, skal i utgangspunktet vere på karantenehotell i heile karanteneperioden - fram til negativ test tidlegast etter sju døgn.
- Land/område innanfor EØS/Schengen/UK vert no inndelt i raude og gule kategoriar, jf. smittepress i aktuelle land/område. Krav om innreisekarantene og karantenehotell er knytt til desse kategoriene. Her er det eit spekter frå det å sleppe innreisekarantene, til å kunne gjennomføre karantene heime/annan eigna stad og til å måtte vere på karantenehotell.

Vi ventar på revidert rundskriv om karantenehotell, som forhåpentlegvis vil gi meir utdjavande informasjon om dei nye reglane om innreisekarantene og karantenehotell.

Her er lenke til meir informasjon:



- Det vert etablert ei søknadsløysing for unntak frå karantenehotell ved sterke velferdsomsyn (helseituasjon for den som reiser, eige barns fødsel, besøke alvorleg sjuke nærstående/familie og liknande). Det vil altså verte mogleg å søke og få eit vedtak før innreise til landet. Det er Utlendingsdirektoratet (UDI) som skal forvalte løysinga, og det vil verte ei overgangsordning fram til ein søknadsportal er på plass. I dag er det politiet som gjer vurdering ved grenseplassering.
- Norske studentar som studerer i utlandet, som kjem heim frå og med i dag, og som difor skal gjennomføre innreisekarantene på karantenehotell, får fritak frå eigendel. Ein må leggje fram dokumentasjon som bekreftar studieforhold og statsborgarskap jf. [Covid-19 forskrifter § 22 fjerde ledd.](#)

Vi vil som halde fram med å bidra til tolking og avklaringar for spørsmål spørsmål om forståing av nye reglar for innreiser. Vi ber som før om at de sender spørsmåla på e-post.

3. Utfordringar med gjennomføring av vaksinasjon i sommarperioden – rapportering/tilbakemelding

Vi vil igjen takke for at så mange deltok på møtet på onsdag om gjennomføringa av vaksinasjonsstrategien i sommar. Det viktigaste føremålet var å identifisere eventuelle hinder for å kunne gjennomføre strategien, særleg med eit høgt omfang av vaksinasjon i vekene 29-31.

Som vi skrev i e-posten vi sendte i etterkant av møtet, har vi notert oss fleire ting vi vil ta opp med sentrale helsestyresmakter. Møtet på onsdag var eit første steg, og det kan vere naturleg å invitere til regionvise møte for vidare drøfting av problemstillingar og løysingar.

I e-posten bad vi om at dei av kommunane som ser det som umogleg eller svært vanskeleg å gjennomføre vaksinasjonsstrategien i sommar i tråd med forventningane fra regjeringa, om å gi oss mest mogleg konkrete tilbakemeldingar på nokre spørsmåla i løpet av fredag 28.05.:

- Kva er dei konkrete hindera/utfordringane? Når det gjeld utfordringar knytt til personalressursar, ber vi om at de konkretiserer type kompetanse det konkret er trong for, og omfanget (kor mange personar).
- Kva tiltak har de allereie sett i verk sjølv, eller tenkjer å setje verk (kva kan de løyse sjølv)?
- Kva tiltak vil det vere særleg utfordrande å kunne gjennomføre (kva problem ser ikkje kommunen at den kan løyse sjølv)?

Vi minner difor om rapporteringsfristen. Vi understrekar og at det vil vere dei tilbakemeldingane som vi får no som vi legg til grunn når vi skal forstå kva kommunar det gjeld, og tilsvarande at vi i denne samanhengen ikkje treng ha merksemdu på dei vi ikkje hører frå.

4. Vaksine

Aldersgrense

Det er bestemt at nedre aldersgrense for vaksinasjon gjeld dei som har fylt 18 år, og at ikkje alle som fyller 18 år i løpet av året skal vaksinerast. Dei mellom 16 og 18 år med høg risiko vil framleis få tilbod



Statsforvaltaren i Vestland

om Pfizer-vaksine som før. Det er også venta at Pzifzer/Comirnaty vil verte godkjend av EMA for born ned til 12 år i løpet av juni.

Geografisk målretting

Som vi alle hørde på pressekonferanse i går, har regjeringa teke avgjerd om at dei 24 kommunane som får ekstra vaksinar får 45 % fleire vaksinar, og at dette fører til at ingen kommunar skal gje frå seg meir enn 35 % av vaksinane sine.

Vi har motteke brev frå nokon av kommunane med framlegg til annan fordelingsnøkkelen, og vi sendte det vidare til FHI og Hdir. I same brev vart det også nemnt at legar som ventar på turnus vel seg til klinisk arbeide framfor TISK og vaksinasjon, sidan det er meir positivt for CVen. Vi har teke initiativ til dialog med Helse Vest kring dette. Vi er samd i at samfunnsmedisinsk arbeid også bør vere meritterande i søknad om turnus, og vi vil følgje opp dette vidare.

Leveransar

FHI deltok på møtet på onsdag, om gjennomføringa av vaksinasjonsstrategien i sommar. Med tanke på dei som ikkje deltok på møtet, så fortalte FHI at dei berre har sikre tal for leveransar to veker fram i tid. Frå juni vil dei også få 4-vekers ikkje-bekrefta prognosar for levering frå Pfizer, som dei seier kan brukast til å planlegge innkalling av personar til vaksinasjon. Dei får også 12-vekers prognosar/kvartalsprognosar frå EU, men desse er usikre og dei veit lite om når i kvartalet dosene kjem. FHI er tydelege på at dei deler all informasjon dei har, og at dette ligg utanfor deira kontroll.

Større fleksibilitet

FHI har sagt at når risikogruppene er vaksinert og massevaksinasjon av friske er i gang, har kommunane større fleksibilitet også med omsyn til kven som får vaksine. Det aller viktigaste er at vaksinar ikkje blir kasta, og det er difor også større aksept for at det vaksinerast meir på tvers av alderskohortar, dersom det er naudsynt for å få brukt opp vaksinane. Likevel er det framleis prioriteringsrekkefølgja som skal ligge til grunn, sjølv om aksepten for avvik frå denne blir større mot slutten.

Janssen-vaksinen

Hdir fortalte i går også at dei ikkje anbefaler at folk tek Janssen-vaksinen. Det same har FHI også sagt. Samstundes er vaksinen godkjend i Noreg, men vi veit ikkje meir enno om kva som vil skje med den. Her er det mange juridiske og medisinske etiske utfordringar.




5. Epidemiologisk rapport

Vestland

Indikator	Uke 16	Uke 17	Uke 18	Uke 19	Uke 20
Antall tilfeller per uke	227	230	291	181	141
Antall tilfeller per 100 000 per 14 dager	83,7	71,5	81,6	73,9	50,4
Antall personer testet per 1 000 per uke	23,0	21,2	23,6	20,1	20,7
Andel positive blant de testede per uke	1,5 %	1,7 %	1,9 %	1,4 %	1,1 %
Andel bydeler med insidens over 50 per 100 000 og flere enn 10 tilfeller per 14 dager	6/43	3/43	3/43	4/43	4/43
Andel vaksinerte blant personer 65 år og eldre (minst en dose) - totalt	84 %	90 %	92 %	93 %	93 %

Vurdering av smittesituasjonen i landets fylker



Folkehelseinstituttet, 2021-05-26

Antall tilfeller i Vestland har ligget på et høyt nivå over flere uker, men trenden er nå nedadgående etter en topp i uke 18. Situasjonen i fylket reflekterer i stor grad situasjonen/antall tilfeller i Bergen hvor det har vært flere utbrudd i ulike miljø. Antall personer testet gikk noe opp og andel positive testet gikk noe ned fra uke 19 til uke 20.

Detaljert oversikt i Sykdomspulsen: <https://spuls.fhi.no>

Full rapport kan de lese her: <https://www.fhi.no/publ/2020/koronavirus-ukerapporter/>

Fylkeslegens vurdering: <https://www.statsforvalteren.no/vestland/samfunnstryggleik-og-beredskap/krisehandtering-og-samordning/fylkeslegens-vurderinger/>

6. Arbeid mot negativ sosial kontroll og æresrelatert vald – brev fra

Kunnskapsdepartementet og Barne- og familiedepartementet

Kommunane skal ha motteke brev om temaet i går, men de finn også brevet som vedlegg til referatet.

Brevet gjeld erfaring med økt risiko for at barn og unge kan bli utsatt for ufrivillige utanlandsopphold, truslar, tap av fridom, tvangsekteskap og/eller andre formar for vald i sommarmånadene. Det er difor viktig at tenester og tilbod til sårbare barn og unge er opne og tilgjengelege. Dette kan de lese meir om i brevet. Vi oppmodar om at de set dykk inn i brevet.



7. Utdanning

Avlysning av munnleg eksamen for 10. trinn, VG3 og påbygg

Munnleg eksamen våren 2021 er avlyst for elevar. Det skal gjennomførast eksamen for privatistar og for nokre yrkesfag. For privatistar er det utarbeidd ein eigen smittevernrettleiar.

All informasjon finn de på udir.no

Fastsetting av standpunktakarakterar

Streiken reiser spørsmål om fastsetting av standpunktakarakterar. Det er departementet/direktoratet gir nærmare avklaringar når og om det blir naudsynt, viss streiken drar ut i tid.

8. Rapportering - trafikklysmodellen – rettleiaren om smittevern i skule og barnehage

Frå og med no gjeld ikkje lenger nasjonalt nivå for smittevern i skule på gult nivå. Kommunane gjer lokale vurderingar om kva nivå etter trafikklysmodellen som er rett å bruke - grønt, gult eller raudt.

Departementet har behov for informasjon om korleis kommunane vurderer behov for smittevern i skulane, jf. Rettleiaren for smittevern. Vi vil difor be om tilbakemelding om følgjande:

Kommune	Alle skular på grønt nivå	Skular på ulikt nivå	Alle skular på enten gult nivå eller på raudt nivå
	Ja/nei	Ja/nei	Ja/nei
Kommune	Alle barnehagar på grønt nivå	Barnehagar på ulikt nivå	Alle barnehagar på enten gult nivå eller på raudt nivå
	Ja/nei	Ja/nei	Ja/nei

Rapporteringa vert sendt ut med eigne lenker ved seinare høve og vil ha følgjande fristar:

Veke 22 Torsdag 3. juni klokka 12.00

Veke 27 Torsdag 8. juli klokka 12.00

9. Spørsmål og annet

Spørsmål frå Austevoll kommune v/ Stina Nordbak:

Vi har gjort ei vurdering i kommunen om å oppretthalde tiltak frå gult nivå i barnehagar. Samstundes har det gått eit brev frå Udir til alle barnehagar, om at det frå no av er grønt nivå som gjeld.

Barnehagane viser til dette brevet og meiner at dei ikkje er samd i kommunens vurdering. Men ut frå gjenopningsplanen har vi forstått at det er kommunen sjølv som skal vurdere smittesituasjonen. Kva skal vi halde oss til?

Svar: Grønt nivå er utgangspunktet, men det er det lokale smittetrykket og kommunens vurdering av situasjonen som styrer kva nivå av tiltak som skal innførast. Kommunen må gjere ei grundig vurdering. FHI har ein rettleiar som inneheld relativt detaljert skildring av kva som skal til for å gå frå eit nivå til eit anna.